



Jonny Hjelle  
Langarinden 370 A  
5132 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/142 - 15/7312

Saksbehandlar:  
Tore Rikstad  
tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:  
26.06.2015

## Vegsak gnr. 14/45 - Valdersnes - overvatn/avkjørsle

Det vert vist til tidlegare saksgang i samband med pålegg om utbetring av avkjørsla og overvasshandteringa. Pålegget er gjort med heimel i veglova kor Radøy kommune er vegstyremakt, jf brev av 19.09.14.

Slik det går fram av dine tilbakemeldingar er krava sett i vårt vedtak om utbetring no oppfylt, med unntake av oppheva asfalkant i sjølve avkjørsla mot kommunevegen.

Det er gjort tiltak ved at inntaket til den kommunale stikkgrøfta gjennom vegen er gjenopna på ein slik måte at det og kan brukast som eit overløp. Det er og laga overløp tilrettelagt for å ta overvatn som kjem opp av elva på baksida av «butikken» og som vert leda ned mot overløpet ved den kommunale stikkgrøfta. Det er også opplyst at dersom det likevel skulle koma overvatn nedover rundt hjørna ved «butikken» vert det der også lagt ein oppheva asfalkant slik at overvatnet her og vert leda mot overløpet ved kommunevegen.

Teknisk drift har som vegstyremakt ved fleire høve vore på synfaring, også når det har vore store nedbørsmengder. Med dei tiltaka som er gjennomført og vidare planlagt, vurderer vi det slik at dette kan vera ei akseptabel løysing med omsyn til drift og vedlikehald av kommunevegen.

Attståande arbeid må vera ferdig opparbeidd innan 20.august 2015.

Når ovannemnde arbeid er ferdigstilt og kommunen har motteke skriftleg tilbakemelding på dette, vert vegsaka avslutta frå vegstyremakta si side. Kommunen vil imidlertid presisera at dersom det likevel viser seg at det kjem overvatn inn i og over kommunevegen er det framleis eigaren/brukaren av avkjørsla som er ansvarleg for at den er i samsvar med regelverket.

Med helsing

Tore Rikstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Geir Hugo Dalseng	Postboks 17	5907	ALVERSUND
Advokatfirma Stiegler	Postboks 1124	5809	BERGEN
Tind Advokater	Chr. Micelsensgt 1-3	5094	BERGEN
Rolf Valdersnes	Valdersnesvegen 245	5939	SLETTA
Noregs vassdrags-og energidirektorat Region Vest	Postboks 53	6801	FØRDE

**Mottakarar:**

Jonny Hjelle	Langarinden 370 A	5132	NYBORG
--------------	-------------------	------	--------